



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2011.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Årgang 46



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vigdis Riise  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Odd Arne Holstad  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Anders Riise  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Ansvarred.: Håvard Myrene  
Referent: Hallkjell Dahle

## Fødselsdagar i april:

|               |           |
|---------------|-----------|
| Håvard Myrene | 01. april |
| John Stennes  | 03. april |
| Aage Nytun    | 06. april |
| Arne Grimstad | 11. april |

Frammøteporsent i april: 72 %

Vår.

Lysegrønn mose så skjør som glass..  
Min skog er verdens vakreste plass..

Et teppe vevet av herrens hånd,  
en skogbunn dekket av solstråle bånd.

De siste vinter blader regner ned fra et tre,  
de skal bli dynen jeg dekker meg med.

Min vakre skog,la meg hvile litt hos deg..  
Nå er ingen i verden rikere enn meg.

*Katrine*

## Hareid Rotary Klubb - Månadsbrev April 2011 v/ Hallkjell Dahle.

### John Stennes: Rotary Foundation / Rotaryfondet

På Convention i Atlanta i 1917 foreslo nåverande verdenspresident i Rotary International, Arch Klumph, å opprette eit fond som skulle ha til formål: ”Å hjelpe Rotary til å gjere noe godt i verda i form av veldedigheit, utdanning og andre samfunnsgagnlege servicetiltak.” **Do good in the world. Frøet som skulle vekse til å bli Rotary sitt 'flaggskip' Rotary Foundation' var sådd.**

Arch Klump hadde forstått at entusiasme og engasjement ikkje var nok til å nå Rotary sine mål om internasjonal forståing og fred i verda. Det ville også vere behov for pengar i ein organisasjon som skal kunne utvikle program og som kan administrere effektivt og sikkert dei midler som blir gitt til fondet slik at resultat og mål blir realisert.

Til å begynne med gjekk utviklinga smått. Ikkje før i 1930 kunne det første bidraget delast ut. Det vart gitt 500 dollar til ein internasjonal organisasjon for funksjonshemma barn.

Først etter Paul Harris sin død i 1947 kom oppsvinget i fondet. Då tok bidraga til å strøyme inn til minne om Rotary sin stiftar. I løpet av eit år kom ytingane opp i meir enn 1 million dollar,- nesten like mykje som summen frå alle dei føregående åra.

I Rotaryåret 2006-2007 utgjorde dei totale bidraga i alt 133,1 mill USD. Summen av bidrag til Rotary Foundation frå 1947 til i dag er på fantastiske 2,4 milliarder US dollars !!

Rotary Foundation er organisert som en eigen non-profit stiftelse i staten Illinois i USA. Hensikta med det er at ein då kan oppnå juridiske og skattemessige fordelar i mange land når gåver frå enkeltpersonar og selskap, testamentariske gåver etc blir gitt til fondet. Dette er av stor betydning for storleik og antal bidrag som blir motteke.

Kva gjer så Rotary Foundation i 2011?

Arbeider for å hjelpe Rotaryanrar i deira engasjement for fred og internasjonal forståing,- gjennom helse- og utdanningstiltak,- og kampen mot fattigdom.

Har vi som rotaryanarar i dag tilstrekkelig fokus på dette? Gagnar vi oss sjølve meir enn andre? Svar/ kommentar frå RF Trustee Chair, Luis Vicente Giay frå talarstolen på Convention Salt Lake City i juni 2007: "Det vi gjer for oss sjølve vil døy med oss. Det vi gjer for andre vil bli udødelig og leve for alltid".

Kvar har så dette eventyrlig store beløpet som er samla inn (som nemnt ovanfor) blitt av?

John Stennes nemner i foredraget sitt ei rekke mottakarar (prosjekt) for stønad/bidrag:

**Polio Plus fondet:** Pengane til dette fondet går til utrydding av polio. Eit mindre beløp vil bli ståande i fondet etter at polio blir rekna som utrydda. Midlane er tenkt brukt til overvåking og oppfylgjing i tilfelle polio skulle dukke opp igjen i ei verdi erklært poliofri. Bidraga til polio plus 2006-07 var på 2,3 mill USD.

**Matching Grants/ share systemet** vart lansert i 1991. Formålet var at distrikta skulle få meir medbestemmelse over bruken av midlane klubbane bidrog med. Halvparten av summen klubbane i eit distrikt bidreg med til det årlege programfondet i eit Rotaryår, går til Verdensfondet. Den andre halvparten går til Distriktsfonda. Dei einskilde distrikta avgjer sjølv bruken av desse.

**Health, Hunger and Humanity (HHH).** Dette er store program som går over 2-4 år og som er for store for ein klubb eller eit distrikt å finansiere. Frå 1978 har 276 HHH prosjekt i 74 land blitt gjennomført til ein kostnad av USD 71 million.

**District simplified Grants (DSG).** Formålet med desse er å gi klubbane ein raskare tilgang til dei midlar distriktet har til rådvelde. Det er distriket som søker og får overført pengane,- og så fordeler midlane til klubbar som søker om støtte til ulike DSG prosjekt,- lokale, nasjonale eller internasjonale. Rotaryåret 2006-07 vart 379 DSG søknader godkjende på tilsaman USD 5,1 million.

#### **Volunteer Service Grants.**

Dette dreier seg om planlegging og oppfølging av prosjekt basert på 'gåver' etter frivillig innsats. I 2006/ 2007 vart det gjennomført 596 prosjekt i 76 land som ga ca 3 millionar. I 2009 / 2010 vart det ikkje brukte midler pga. finanskrisa.

**Ambassadorial Scholarship,-** Dette er Rotary Foundations eldste og mest kjende program. Sidan programmet vart starta i 1947 har meir enn 37000 kvinner og menn frå 110 nasjonar fått stipend for å studere i eit anna land enn sitt eige. Formålet med The Ambassadorial Scholarships er å fremje internasjonal forståing og fredelige relasjonar mellom menneske frå ulike land, kulturer og religionar. Dette er i dag verdens største privat-finansierte stipendprogram.

Der er 2 typer Ambassadorial Scholarships:

- 1) Eittårig ambassadør-stipend meint for å dekke studieutgifter for ein student i eitt akademisk år i eit anna land enn heimlandet. Stipendet er på USD 26000.
- 2) Fleirårig ambassadør-stipend meint å dekke 2 eller 3års målretta studier i eit anna land.

Det er hovudsakleg distrikt i Japan og Korea som har benytta seg av denne stipendforma. Programmet kostar USD 26 000 pr.år pr stipendiatur.

### **Rotary Grant for University Teachers.**

Dette fondet gir støtte til universitetslærarar for undervisning i utviklingsland i ei kortare periode. Sidan 1985 har 520 lærarar hatt slik undervisning til ein kostnad på USD 5,5 mill. I 2009/2010 deltok 27 lærarar frå 6 land som underviste i 19 land til ein kostnad på ca. USD 400 000.

### **Group Study Exchange (GSE).**

Dette er eit av Rotary Foundation sine største program. Ca 500 team blir sendt ut årleg med 2500-3000 deltakarar. Formål: Bli kjende med folk og levemåte i eit anna land,- samt næringsliv, kultur og sosiale tilhøve,- og soleis skape internasjonal forståing og toleranse.

Alle distrikt kan søke om GSE-utveksling kvart år uavhengig av kva distriktet har betalt inn til TRF som dekkjer reiseutgifter. Mottakande distrikt dekkjer kostnadane til reise og opphold i distriktet. Deltakarane må sjølv halde lommepengar og forsikringspremier.

Berre yrkesaktive ikkje-rotarianarar kan ta del. Gruppa skal vere på 4 deltakarar pluss ein erfaren rotarianar som leiar. Formålet er at deltakarane (mellom 25 og 40 år) i løpet av 4-6 veker skal lære so mykje som muleg om vertslandet og korleis eige yrke vert praktisert der.

## Severin Åkervik Ulstein: Themis Create AS – slangehandtering offshore.

Firmaet Themis Create AS vart stifta i slutten av 2009 basert på ein ide som 'grynderane', **Severin Åkervik Ulstein** og **Inge-Svenn Nærø**, hadde jobba med sidan 2007. Motivasjonen var å få redusert den betydelige risiko ein har ved slangelasting offshore.

**Inge-Svenn Nærø** er skipsoffiser i Bourbon Offshore Norge AS, er eigar av Westmarin og jobbar innanfor administrasjon og ledelse i Themis Create AS. **Severin Åkervik Ulstein** er skipsdesigner med 10 års praksis i Rolls Royce Marine. Han er sivilingeniør med mastergrad i marine teknologi og er også partner i firmaet Boatlabs design.

**Jan Sørbø** er autorisert økonomi- og administrasjonsleiar. Han har eigarinteresser i Hamelo, Moa Revisjon, Balder Revisjon og Solid Eiendom.

Oljeplattformene treng mange forskjellige væsker i si daglege drift. Alt frå borevæsker til ferskvatn. Dei treng også å kvitte seg med avfallsstoff. Supplyskip tek seg av transporten mellom borerigg og land, og overføringa mellom rigg og båt skjer gjennom slangar. Slangelasting har til no stort sett foregått ved at slangane frå riggen blir lempa ned på supplyskip-sdekket der dei har blitt fortøyd av mannskapet før overføringa kan starte. Dette har medført stor risiko både for menneske og miljø.

Produktet til Severin og Inge-Svenn er designa for å betre sikkerheit og effektivitet under lasteoperasjonen. Løysinga nyttar seg av grunnleggjande fysiske lover for automatisk å kunne feste og sikre slangane i skipssida,- og er like enkel som genial. Dersom slangane skulle ryke, er Themis Safe også utstyrt med ein sokalla 'weak link', som gjer at slangen ryk i enden og lukker seg umiddelbart. Utslepp til havet blir dermed unngått dersom uhellet skulle vere ute. Themis Create leverte patentsøknad på produktet i januar 2010.

Severin meinar at ettersom tryggleiken aukar, kan systemet også gi auka utnyttingsgrad av skipa sidan dei får hove til å operere i høgare bølger. Statistikk viser at i gjennomsnitt blir 7% av disse operasjonane utsette på grunn av dårlig ver. 4% av denne tida overskrid operasjonsgrensa som er definert av NORSO.

Det er dei resterande 3 % som kan utnyttast m.a. på grunn av at risikoen for personskade er eliminert.

Det blir understreka at kombinasjonen av kunnskap mellom eigarane i Themis Create AS har vore svært viktig. Når ein skal utvikle nye produkt og nye løysingar må ein ha førstehandskunnskap om kva kundane treng. Eg trur det er viktig å snakke med potensielle kundar i ein tidleg fase for å kunne utvikle eit best mulig produkt seier Severin.

Themis Create AS har inngått samarbeidsavtale om offshore testing av produktet med oljeselskapet BP og rederiet Bourbon Offshore Norge. Første prototypen av systemet har blitt produsert og testa onshore hos Aakre Mekaniske på Haramsøya som også skal produsere systemet når all testing er unnagjort.

Første fullskala prototypetest vart gjennomført på ettersommaren 2010. Vår største utfordring framover vil bli å skape aksept i marknaden for vår løysing, og overtyde kundane om at produktet både er kostnadseffektivt og aukar tryggleiken, fortel Severin. Draumen hans er at Themis Safe skal bli bransjestandard som blir brukt på riggar over heile verda.

Selskapet fekk tidleg stønad frå Innovasjon Norge gjennom etablererstipend og deltaking i Take-off, eit nyskapingsprogram som hjelper idehavarar med å utvikle forretningsplan og marknadsanalyser. Deltakinga førte til førstepris i Take-Off Midt-Norge og eit stipend på 100 000 kroner. Prisen galdt beste produkt, beste forretningsplan og beste produktpresentasjon. Dette vart utdelt under Innovator, - også kjent som gryndernes 'Oscarfest' ved NTNU i Trondheim. Dei vann også 'Start-Støtte-stipendet' på 500 000 kroner for beste miljømessige løysing og beste produkt. Denne prisen vart også utdelt på same arrangementet.

Start-støtte ordninga rettar seg mot midt-norske grynderteam som i samsvar med statuttane må ha evne og vilje til å lukkast i ein internasjonal marknad. Innovasjon Norge har betydd mykje for oss understrekar Severin. Dei sit på mykje kunnskap, til dømes om stønadsordningar og liknande. Det hadde vore vanskeleg for oss å utvikle Themis Safe utan støtte frå dei.

### **Partnarar under utviklingsprosessen av Themis Safe-produktet.**

|                   |                         |
|-------------------|-------------------------|
| Produktutvikling: | Bourbon Offshore Norway |
| Produktutvikling: | BP Norway               |
| Finans:           | Innovation Norway       |
| Produksjon:       | Aakre AS                |
| Produksjon:       | Ulmatec - Stromek       |